

# Energiklynga på Vestlandet

Konsentrert kjerneverksemd, spreidd leverandørindustri

AUD-rapport nr. 7-16



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	"Energiklynga på Vestlandet: Konsentrert kjerneverksemd, spreidd leverandørindustri"
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 7-16 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Dato:	29.11.2016
Forfatter:	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Epost:	<a href="mailto:lasse.hansen@hfk.no">lasse.hansen@hfk.no</a>
Telefon:	99 22 84 58

# Innhald

Innhald.....	3
Tabellar og figurar .....	4
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>5</b>
Kort om metodikken, næringsklynga og undergruppene .....	5
<b>2. Klynga som heilskap .....</b>	<b>6</b>
<b>2.1 Oversikt over klynga .....</b>	<b>6</b>
2.1.1 Verdiskaping i energiklynga .....	7
2.1.2 Energiklynga si betydning for kommunane .....	9
<b>2.2 Rogalandsdominans i klynga.....</b>	<b>10</b>
<b>2.3 2014 var eit tøft år for klynga .....</b>	<b>10</b>
<b>2.4 Utviklinga over tid .....</b>	<b>11</b>
<b>3. Geografiske skilnader i energiklynga.....</b>	<b>13</b>
<b>3.1 Energiklynga i fylka.....</b>	<b>13</b>
3.1.1 Olje og gass størst i Rogaland.....	13
3.1.2 Meir variert aktivitet i Hordaland .....	13
3.1.3 Sogn og Fjordane store på elektrisk energi og verftsverksemd.....	14
3.1.4 Stor aktivitet innan teneste- og utstysproduksjon i Møre og Romsdal.....	15
3.1.5 Spesialiserte regionar (klynger) på Vestlandet .....	16
<b>3.2 Energiklynga i kommunane.....</b>	<b>18</b>
3.2.1 Energiklynga som heilskap .....	18
3.2.2 Stavangerregionen dominerer utvinning og foredling av olje og gass .....	19
3.2.4 Produksjon og distribusjon av elektrisk energi meir spreidd .....	19
3.2.5 Reiarlag på Sunnmøre, konsulentar i Hordaland og Rogaland utgjer kjernen i tenesteleverandørar.....	20
3.2.6 Utstysprodusentar store også i kommunane utanfor dei store byane .....	21
<b>Vedlegg 1: Olje- og energiklyngen på Vestlandet - Følgenotat .....</b>	<b>23</b>

# Tabellar og figurar

Tabell 1: Nøkketal for energiklynga på Vestlandet i 2014 .....	6
Tabell 2: Kommunane på Vestlandet med størst del tilsette i energiklynga, målt mot total sysselsetting i 2014 ..	9
Tabell 4: Nøkketal for energiklynga i Rogaland i 2014 .....	13
Tabell 5: Nøkketal for energiklynga i Hordaland i 2014 .....	14
Tabell 6: Nøkketal for energiklynga i Sogn og Fjordane i 2014 .....	14
Tabell 7: Nøkketal for energiklynga i Møre og Romsdal i 2014 .....	15
Tabell 8: Dei største kommunane i energiklynga på Vestlandet, målt etter omsetnad og tal tilsette .....	18
Tabell 9: Dei største kommunane i innan utvinning og foredling av olje og gass på Vestlandet, målt etter omsetnad og tal tilsette .....	19
Tabell 10: Dei største kommunane i innan produksjon og distribusjon av elektrisk energi på Vestlandet, målt etter omsetnad og tal tilsette .....	20
Tabell 11: Dei største kommunane i innan tenesteleverandørar inkl. supplybåtar på Vestlandet, målt etter omsetnad og tal tilsette .....	21
Tabell 12: Dei største kommunane i innan utstyrproducentar inkl. boreriggjar og plattformer på Vestlandet, målt etter omsetnad og tal tilsette .....	21
Figur 1: Verdiskaping per tilsett i energiklynga og undergruppene i fylka på Vestlandet i 2014 .....	7
Figur 2: Lønnskostnader per tilsett i energiklynga og undergruppene i fylka på Vestlandet i 2014 .....	8
Figur 3: Samvariasjonen mellom oljepris og omsetnad i energiklynga i Hordaland 2008-2014 .....	11
Figur 4: Den største undergruppa i energiklynga i kvar kommune på Vestlandet, målt etter tal tilsette og omsetnad, 2014 .....	17

# 1. Innleiing

Energiklynga består av fleire ulike komponentar som har energi som fellesnemnar. Dette gjeld utvinning av olje- og gassprodukt, energi frå tradisjonelle kjelder som vann- og vindkraft, samt andre formar for fornybar energi. I eit klyngeperspektiv inngår også ei stor og variert gruppe av utstysprodusentar og tenesteleverandørar.

Tala i denne rapporten er levert av Ideas2Evidence på oppdrag frå Vestlandsrådet og Hordaland fylkeskommune. Det er fyrste gangen dei leverer tal for energiklynga for heile Vestlandet. Dei har tidligare produsert tal for klynga for perioden 2008-2013 for Hordaland. For same periode har dei også produsert tal for marin og maritim klynge på Vestlandet.

Desse tala viser situasjonen fram til utgangen av 2014. Den noverande oljekrisa vil truleg gi store utslag på 2015-tala, som kjem første kvartal 2017. Den relative veksten tilbake mot 2008-nivået for energiklynga etter den førre finanskrisa kan ha stoppa opp, og både talet føretak og tilsette har truleg hatt ein nedgang. Mange av selskapa som er nemnt i denne rapporten og som er blant dei største i si gruppe eller sitt fylke, har dei siste åra opplevd redusert aktivitet med påfølgande permitteringar og nedbemanningar.

## ***Kort om metodikken, næringsklynga og undergruppene***

I arbeidet med nøkkeltala har Ideas2Evidence nytta ei klyngetilnærming heller enn ei strikt nærings- eller bransjetilnærming. Dette betyr at dei har tatt utgangspunkt i næringa si verdikjede og inkludert alle aktørar som i vesentleg grad har ein plass i denne kjeda. I tillegg til kjerneverksemdene som opplagt har en plass i klynga, vil ein med eit slikt utgangspunkt også inkludere verksemdar som i vesentleg grad lever av å levere utstyr eller tenester til disse kjerneverksemdene. Tilsvarande har dei inkludert verksemdar som er knytt til distribusjon og sal av produksjonen til kjerneverksemdene, samt andre støtte- og infrastrukturtiltak.

Energiklynga er i dette talmaterialet delt i fire undergrupper: 1) utvinning og foredling av olje og gass, 2) produksjon og distribusjon av elektrisk energi, 3) tenesteleverandørar inkludert supplybåtar, og 4) utstysprodusentar, inkludert boreriggar og plattformer.

I vedlegg 1 er metoden for inndeling nærmare skildra, samt ei liste over kva næringskodar som er inkludert i kva undergruppe. Der ligg også forklaringar og definisjonar for nøkkeltala.

## 2. Klynga som heilskap

### 2.1 Oversikt over klynga

Vestlandet	Energi	Utvinning og foredling av olje og gass	Produksjon og distribusjon av elektrisk energi	Tenesteleverandørar inkl. supplybåtar	Utstysprodu-sentar inkl. boreriggjar og plattformer
<b>Omsetnad</b>	1 303 942 374	1 012 737 277	51 328 720	78 403 239	161 473 138
<b>Driftsresultat</b>	255 547 107	228 017 404	8 966 352	11 242 835	7 320 516
<b>Årsresultat</b>	-74 825 801	-103 443 435	6 924 877	5 007 669	16 685 088
<b>Lønnskostnad</b>	135 927 084	73 634 308	4 396 734	23 835 008	34 061 034
<b>Verdiskaping</b>	391 474 202	301 651 710	13 363 099	35 077 842	41 381 551
<b>Tal tilsette</b>	151 715	61 284	11 336	28 384	50 711
<b>Tal føretak</b>	6 814	703	1 260	1 102	3 749

Tabell 1: Nøkketal for energiklynga på Vestlandet i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no  
Alle økonomiske tal i 1 000 kroner

Energiklynga er den desidert største næringsklynga på Vestlandet. I 2014 var omsetnaden på meir enn 1 300 milliardar kroner og meir enn 150 000 personar var tilsett i klynga. Det utgjer neste 22 % av dei sysselsette på Vestlandet det året.<sup>1</sup>

Den desidert største undergruppa i klynga er kjerneverksemda utvinning og foredling av olje og gass. Undergruppa hadde ein omsetnad på over 1 000 milliardar kroner i 2014, og utgjorde med det 78 % av klynga som heilskap. Samstundes er det ei undergruppe med relativt sett færre tilsette og føretak enn det omsetnaden skulle tilseie. Med rett over 61 000 tilsette fordelt på drygt 700 selskap er undergruppa meir konsentrert enn dei andre undergruppene. Dette gjer at omsetnaden per tilsett er desidert høgast i denne undergruppa, med 16,5 millionar kroner per tilsett. Tilsvarande for dei andre undergruppene er høvesvis 4,5 millionar per tilsett innan produksjon og distribusjon av elektrisk energi, 2,7 millionar per tilsett innan tenesteleverandørar inkl. supplybåtar, og 3,2 millionar per tilsett innan utstysprodu-sentar inkl. boreriggjar og plattformer.

Den nest største undergruppa, målt i både omsetnad og tal tilsette, er utstysprodu-sentar inkl. boreriggjar og plattformer. Omsetnaden er berre 15 % av kva den er for den direkte olje- og gassrelaterte aktiviteten, men det er denne undergruppa som har klart flest føretak med over 3 700. I tal tilsette ligg dei omlag 11 000 bak olje- og gass-gruppa.

På topp ti-lista i energiklynga, målt i omsetnad, ligg sju Statoil-selskap<sup>2</sup>. To av desse ligg i Hordaland og resten i Rogaland. Faktisk har alle Statoil-selskapa i klynga samla ein omsetnad på over 650 milliardar kroner, noko som utgjer 47 % av den totale omsetnaden i energiklynga.

Utanom Statoil-selskapa finn vi Total E&P Norge, Exxonmobil E&P Norway, og Norske Shell E&P på lista over dei ti selskapa med høgast omsetnad i energiklynga på Vestlandet i 2014. Dei ti selskapa har ein samla omsetnad

<sup>1</sup> Målt mot tal sysselsette per 4. kvartal etter arbeidsstad (registerbasert, SSB Statistikkbanken, tabell 07979).

<sup>2</sup> *Selskap* er i denne rapporten brukt om einingane som er registrert i Ideas2Evidence sin database over aktivitet i energiklynga. Desse vil i dei fleste tilfelle vere verksemdar i SSBs sin definisjon, altså en undereining under eit føretak. Desse blei tidlegare kalla bedrifter. Sjå elles <http://bit.ly/2eJWo3Y>.


på meir enn 621 milliardar kroner, som er 48 % av den totale omsetnaden i energiklynga i 2014. Felles for alle toppselskapa er at dei driv innan utvinning av olje og/eller gass, med unntak av Statoils raffineri på Mongstad.

Målt i tal tilsette er det framleis selskap innan utvinning og foredling av olje og gass som dominerer. Fire Statoil-selskap er framleis blant topp ti, med totalt 14 400 tilsette. Samstundes er Aibels Haugesundavdeling og Kværner Stord blant dei største arbeidsgjevarane i klynga, med høvesvis 1 855 og 1 725 tilsette i 2014. Begge er utstyrsprodusentar, hovudsakleg innan produksjon av plattformer og modular.

### 2.1.1 Verdiskaping i energiklynga

I denne rapporten fokuserer vi i hovudsak på omsetnad og tal tilsette, som er to nøkketal som dei fleste har eit forhold til og som gir eit greitt bilede av storleiken på næringer. Leveransen frå Ideas2Evidence inkluderer også ei rekke andre tal, og eit av desse er verdiskaping. I denne samanhengen er verdiskaping lik driftsresultat pluss lønnskostnader. I vårt datamateriale er det som venta ein høg grad av samvariasjon mellom omsetnaden og verdiskapinga i selskapa.

Verdiskapinga i energiklynga på Vestlandet i 2014 var på 391 milliardar kroner. Verdiskapinga var desidert høgast i undergruppa utvinning og foredling av olje og gass, med 302 milliardar kroner eller 77 % av den totale verdiskapinga i klynga. Deretter kjem høvesvis utstyrsprodusentar, tenesteleverandørar og til sist produksjon og distribusjon av elektrisk energi. Med andre ord er biletet det same som for omsetnaden i klynga.



Figur 1: Verdiskaping per tilsett i energiklynga og undergruppene i fylka på Vestlandet i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no


Tal i 1 000 kroner.

Ser vi på verdiskapinga per tilsett er likevel biletet litt annleis: totalt for klynga er den på 2,5 millionar kroner per tilsett, medan den for olje og gass-gruppa er nesten 5 millionar per tilsett. Deretter kjem tenesteleverandørane

med ei verdiskaping på 1,2 millionar kroner per tilsett, elektrisk energi med det same, og til sist utstyrproduzentane med 800 000 kroner per tilsett. En del av forklaringa ligg i at driftsresultatet per tilsett for den sistnemnte undergruppa var veldig lågt i 2014.

Om vi bryt tala vidare ned på fylka, ser vi at det (kanskje som venta) er Rogaland som har desidert høgast verdiskaping per tilsett i energiklynga. Kvar tilsett der har ei gjennomsnittleg verdiskaping på 3,7 millionar kroner. Dernest kjem Møre og Romsdal med 1,4 millionar, Hordaland med 1,2 millionar og til sist Sogn og Fjordane med 900 000 kroner per tilsett.

Ikkje uventa er det i stor grad høg verdiskaping innan utvinning og foredling av olje og gass i Rogaland som forklarar dette. Veldig gode driftsresultat for olje og gass-selskapa i Rogaland i 2014 gjer at fylket kjem ut på topp. Motsett var det dårlege driftsresultat i Hordaland, som forklarar kvifor fylket har lågast verdiskaping per tilsett innan olje og gass.



Figur 2: Lønnskostnader per tilsett i energiklynga og undergruppene i fylka på Vestlandet i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivest.no  
Tal i 1 000 kroner.

Lønnskostnadane per tilsett innan olje og gass er derimot relativt like i Rogaland og Hordaland, og faktisk litt høgare i Møre og Romsdal. Nesten 1,5 millionar kroner i lønnskostnad per tilsett innan olje og gass i Møre og Romsdal er det høgaste for nokon undergruppe i noko fylke i energiklynga på Vestlandet. I Møre og Romsdal er lønnskostnadane per tilsett også klart høgast blant fylka innan tenesteleverandørane, medan det er relativt likt innan dei to siste undergruppene.

Samla for heile Vestlandet er lønnskostnadane per tilsett høgast innan olje og gass med eit snitt på 1,2 millionar kroner per tilsett. Deretter kjem tenesteleverandørane med 850 000 kroner per tilsett, utstyrproduzentane med 650 000 kroner per tilsett og til sist elektrisk energi med snau 400 000 kroner i lønnskostnad per tilsett. Det er med andre ord store skilnader i lønnskostnadane mellom dei ulike undergruppene. Dette er som venta, og heng

nok saman med både gode oljelønningar, samt at dei ulike gruppene har ulike behov kva gjeld utdanning, fagkompetanse og liknande faktorar som driv lønnspolitikken.

Generelt er det slik at bransjane som inngår i undergruppene i energiklynga er veldig ulike og er i ulik grad kapital- og/eller arbeidskraftintensive. Dette vil i stor grad forme korleis dei ulike undergruppene og geografiske områda kjem ut i slike framstillingar.

### 2.1.2 Energiklynga si betydning for kommunane

I mange kommunar er selskap i energiklynga openbart svært viktige, både som arbeidsgjevar, innovatør, bestillar og leverandør til andre næringer i og utanfor kommunen, skatteytar, samlingspunkt og identitetsbygger, og så vidare. Det er likevel vanskeleg å gi eit eintydig svar på kor stor betydning aktiviteten i energiklynga har for kommunane på Vestlandet.

#### Ringverknader for energiklynga

Ein måte å måle det på er gjennom å estimere kor mange arbeidsplassar som skapast som ein følge av aktivitet i klynga. Hordaland fylkeskommune gjorde ein slik analyse i 2014/15.<sup>3</sup> Med utgangspunkt i 2012-tala for energiklynga i Hordaland blei det estimert at om lag 34 % av fastlandsproduksjonen i Hordaland var knytt til energiklynga. Analysen viste også at aktivitet i energiklynga ga store ringverknader. For kvar milliard produsert i olje- og gassklynga i Hordaland, blir det produsert 350 millionar kroner utanfor klynga, og for kvar 100 arbeidsplassar i klynga, følgjer 67 arbeidsplassar utanfor klynga. Det er mange atterhald og føresetnader knytt til desse tala, men konklusjonen er uansett at energiklynga har stor betydning, også utover den direkte produksjonen og sysselsettinga i klynga.

#### Syssette i energiklynga som del av total sysselsetting i kommunane

Kommune	Tal tilsette i energiklynga som del av total sysselsetting i alle sektorar i kommunen	Kommune	Tal tilsette i energiklynga som del av total sysselsetting i privat sektor og offentlege føretak i kommunen
Sola	70 %	Hyllestad	97 %
Hyllestad	69 %	Sola	79 %
Ulstein	59 %	Sande	75 %
Sande	54 %	Ulstein	71 %
Herøy	53 %	Herøy	68 %
Stavanger	46 %	Stavanger	64 %
Austevoll	45 %	Øygarden	62 %
Aukra	42 %	Aukra	61 %
Tysvær	40 %	Tysvær	59 %
Haram	40 %	Fitjar	55 %

Tabell 2: Kommunane på Vestlandet med størst del tilsette i energiklynga, målt mot total sysselsetting i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.igest.no og SSB Statistikkbanken, tabell 07979

Tal tilsette i energiklynga frå Ideas2Evidence er satt opp mot tal sysselsette per 4. kvartal 2014 etter arbeidsstad (registerbasert) frå SSB

<sup>3</sup> Sjå [AUD-rapport 01-15 Olje- og gassklynga i Hordaland - Produksjon og ringverknader](#).

Ein mindre analytisk, men kanskje meir robust måte å framstille klynga si betyding for kommunane på Vestlandet, er å sjå på kor stor del av arbeidsstyrken i kvar kommune som er sysselsett i selskap som høyrer til klynga. Som nemnt over var meir enn 150 000 personar på Vestlandet tilsett i klynga i 2014. Det utgjer neste 22 % av sysselsette i landsdelen det året. Det er samstundes stor variasjon i kor stor del av dei sysselsette i kvar kommune som jobbar i klynga. Om vi legg Ideas2Evidence sine tal til grunn, er heile 70,5 % av alle sysselsette i Sola kommune tilsett i selskap i energiklynga. Om vi berre ser på dei sysselsette i privat sektor og offentlege føretak i Sola, er talet 79 %. I Hyllestad er dette enno høgare: 97 % av alle sysselsette i privat sektor og offentlege føretak er sysselsett i energiklynga.<sup>4</sup>

I 30 av kommunane på Vestlandet jobbar minst ein femdel (20 %) av alle sysselsette i eit selskap som høyrer til energiklynga. Om vi tar vekk offentleg sektor, utgjer energiklynga minst ein femdel av alle sysselsette i 43 vestlandskommunar. I 13 av kommunane utgjer sysselsette i energiklynga minst halvparten av alle sysselsette, ikkje medrekna offentleg sektor.

Desse kommunane er spreidd rundt om i fylka på Vestlandet. Av kommunar kor sysselsette i energiklynga utgjer minst 20 % av alle sysselsette utanom offentleg sektor, ligg 15 i Hordaland, 11 i Rogaland, 10 i Møre og Romsdal og 7 i Sogn og Fjordane. Av kommunane kor minst halvparten jobbar i energiklynga (igjen utanom offentleg sektor), ligg 5 i Møre og Romsdal, 3 kvar i Rogaland og Hordaland, og 2 i Sogn og Fjordane.

## 2.2 Rogalandsdominans i klynga

Klynga sett under eitt er det Rogaland som dominerer, med 74 % av omsetnaden, 55 % av dei tilsette, og 79 % av verdiskapinga i 2014. Det er innan kjerneverksemda utvinning og foredling av olje og gass at dominansen til Rogaland er størst, med 85 % av omsetnaden. Dette er den klart største undergruppa i energiklynga, så dette forklarar Rogaland sin dominans i klynga som heilskap.

Rogaland har også den største omsetnaden innan produksjon og distribusjon av elektrisk energi, men her er deira del av omsetnaden mindre, 34 %. Det same gjeld innan tenesteleveranse, kor 44 % av omsetnaden er knytt til Rogaland, medan 26 % er knytt til Hordaland, like mykje i Møre og Romsdal, og snaue 3 % i Sogn og Fjordane.<sup>5</sup> At dei to største fylka har ein såpass stor del av omsetnaden blant tenesteleverandørar inkl. supplybåtar, kan mellom anna skuldast at det er mange føretak i denne undergruppa i desse fylka. I Møre og Romsdal er det ikkje like mange føretak, men ein del av dei er til gjengjeld store, som vi skal kome tilbake til (sjå punkt 2.2.5).

Hordaland har den største delen av omsetnaden innan utstysprodusentar, inkludert boreriggjar og plattformer med 38 %, medan Rogaland har 33 %, Møre og Romsdal 25 %, og Sogn og Fjordane 4 %.

Når det gjeld del tilsette i undergruppene i energiklynga på Vestlandet, har Rogaland den største delen innan utvinning og foredling av olje og gass (77 %) og tenesteleverandørar inkludert supplybåtar (50 %), medan Hordaland har den største delen innan produksjon og distribusjon av elektrisk energi (36 %) og utstysprodusentar, inkludert boreriggjar og plattformer (37 %).<sup>6</sup> Tal tilsette følg med andre ord omsetnaden relativt tett, med noko variasjon grunna ulik arbeidskraftintensivitet for forskjellige aktivitetar innanfor same undergruppe.

## 2.3 2014 var eit tøft år for klynga

I 2014 hadde energiklynga på Vestlandet eit negativt årsresultat. Dette trass i at klynga sett under eitt faktisk hadde positive resultat i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Rogalands dominans førte nemlig til at eit negativt årsresultat i storleiksorden 100 milliardar som drog ned klynga i landsdelen som heilskap. Dette skuldast nærmast i sin heilskap nedskringar i to Statoil-selskap, Statoil International Holding AS og Statoil Investment Americas AS, som til saman hadde eit negativt årsresultat på nesten 140 milliardar kroner. Fleire andre Statoil-selskap hadde også negative årsresultat i milliardklassen, og det same gjeld fleire andre selskap innan

<sup>4</sup> Grunna ein stor del tilsette i offentleg sektor, er energiklynga sin del av den totale sysselsettinga lågare, 69 %.

<sup>5</sup> Avrunding gjer at totalen ikkje blir 100 %.


<sup>6</sup> Innan utstysprodusentar, inkludert boreriggjar og plattformer har Rogaland 36 % av dei tilsette.

utvinning av olje- og gass. Dette er ein trend som vi kan vente vil bli enno tydelegare når vi får tal for 2015 og 2016.<sup>7</sup>

Faktisk låg 29 av dei 30 selskapa i energiklynga på Vestlandet med dårlegast årsresultat i 2014 i Rogaland<sup>8</sup>, og 27 av dei dreiv innan utvinning av olje- og gass. I motsett ende låg 24 av dei 30 selskapa på Vestlandet med best årsresultat også i Rogaland, medan Hordaland og Møre og Romsdal hadde tre kvar. Desidert best årsresultat i 2014 hadde Wimoh AS i Bergen med 13 milliardar i pluss, med Statoil Petroleum AS i Stavanger på andre plass, dryge 4 milliardar bak.

## 2.4 Utviklinga over tid

Dette er som nemnt første året vi får produsert tal for energiklynga for alle vestlandsfylka. Dermed kan vi ikkje sjå på utviklinga over tid for Vestlandet som heilskap. Men: vi har tal for klynga i perioden 2008-2013 for Hordaland.



Figur 3: Samvariasjonen mellom oljepris og omsetnad i energiklynga i Hordaland 2008-2014

Kjelde: oljepris frå US Energy Information Administration, <http://bit.ly/2fbK3Hh> [henta 25.10.16], omsetnad frå Ideas2Evidence via statistikk.ivest.no.

Omsetnadstala er per 31.12. kvart år, men er her lagt inn på utgangen av juni året før. Dette for å tydeleggjere samvariasjonen.

Vi har ikkje omsetnadsdata for 2015-16. Dei blå prikkane viser venta verdiar og er basert på ei naiv estimering basert på samanhengen mellom oljeprisen og omsetnaden i åra vi har dato for ( $y=a+bX$ , kor  $a=108,6$ ,  $b=0,95$  og  $X$ =oljeprisen per 30.6.åååå).

<sup>7</sup> Som nemnt innleiingsvis viser desse tala situasjonen fram til utgangen av 2014. Den noverande oljekrisa vil truleg gi store utslag på 2015-tala, som kjem første kvartal 2017.

<sup>8</sup> Det einaste selskapet blant dei 30 dårlegaste som ikkje låg i Rogaland var KCA Deutag Holdings Norge AS i Bergen, som hadde eit negativt årsresultat på omlag 2 milliardar kroner.

Det er høg samvariasjon mellom oljeprisen og resultatata for klynga i Hordaland (sjå Figur 3). Rekordhøge prisar i 2008 ga rekordgode tal. I byrjinga av 2009 var prisen derimot heilt på botn, noko som også gav utslag på nøkkeltala. I takt med auka oljeprisar i åra etter har likevel næringa levert stadig betre tal, og i 2012 var omsetnaden nesten tilbake på same nivå som i 2008. I 2013 gikk tala likevel litt tilbake, men i 2014 passerte omsetnaden 2012-tala og var berre 4 % lågare enn rekordåret 2008. Det er i hovudsak kjerneverksemda utvinning og foredling av olje og gass som heng igjen. I denne undergruppa var det marginal nedgang i omsetnaden i 2014 samanlikna med året før og dei ligg 17,4 % under 2008-nivået.

Samstundes ser det ikkje ut til at det er ein like tydeleg samvariasjon mellom oljeprisen og tal tilsette. Medan omsetnadstala var på botn i 2009 og 2010 i tråd med låge oljeprisar dei åra, har talet tilsette i energiklynga i Hordaland vakse årleg i heile perioden 2008-2014. Veksten var likevel lågast i åra med låg oljepris, men i undergruppa som driv med utvinning og foredling av olje og gass var den årlege veksten i tilsette størst i åra med lågast oljepris. Det var i dei andre undergruppene, inkludert gruppa knytt til elektrisk energi, som opplevde nedgang i talet tilsette i åra med låg oljepris.

Utviklinga i dei andre fylka vil sjølvstøtt variere etter korleis energiklynga er samansett hos dei. I Rogaland, kor olje og gass er størst, vil dei nok ha merka dei låge oljeprisane sterkast. Utstyrs- og tenesteleverandørane, som utgjør største del av energiklynga i Møre og Romsdal, merka nok også dei låge oljeprisane. I Sogn og Fjordane er det produksjon og distribusjon av elektrisk energi som står for størst del av aktiviteten i energiklynga, og her har dei nok ikkje vore like råka.

### 3. Geografiske skilnader i energiklynga

#### 3.1 Energiklynga i fylka

Utvinning og foredling av olje og gass er den klart største av desse, målt i omsetnad (78 % av klynga totalt), tal tilsette (40 %), driftsresultat (89 %), lønnskostnadar (54 %), og verdiskaping (77 %). Selskapskonsentrasjonen er også større i denne undergruppe enn dei andre, med 703 registrerte føretak, noko som berre utgjør 10 % av selskapsmassen i klynga. Samstundes er det store geografiske variasjonar i kva type aktivitet som skjer rundt om i landsdelen.

##### 3.1.1 Olje og gass størst i Rogaland

Rogaland	Energiklynga	Utvinning og foredling av olje og gass	Produksjon og distribusjon av elektrisk energi	Tenesteleverandørar inkl. supplybåtar	Utstyrproducentar inkl. boreriggjar og plattformer
<b>Omsetnad</b>	970 286 370	864 030 592	17 485 519	34 762 883	54 007 376
<b>Driftsresultat</b>	226 800 903	214 899 234	3 155 821	5 425 679	3 320 169
<b>Årsresultat</b>	-102 384 436	-107 091 111	2 855 910	649 500	1 201 265
<b>Lønnskostnad</b>	81 847 618	56 744 394	1 215 687	11 140 037	12 747 500
<b>Verdiskaping</b>	308 648 516	271 643 626	4 371 509	16 565 713	16 067 668
<b>Tal tilsette</b>	82 805	47 276	3 233	14 142	18 154
<b>Tal føretak</b>	2 605	491	327	442	1 345

Tabell 3: Nøkkeltal for energiklynga i Rogaland i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no  
Alle økonomiske tal i 1 000 kroner.

Som nemnt dominerer Rogaland klynga, og dette skuldast i hovudsak at dei største aktørane innan utvinning og foredling av olje og gass har stor aktivitet i fylket. Statoil Petroleum AS, Statoils Troll Vest-felt og Statoils Stavanger-kontor er dei tre selskapa med størst omsetnad i klynga i 2014, og også Statoils Sandnes-kontor og prosessanlegget på Kårstø er på topp 10-lista over selskap med størst omsetnad innan olje og gass. Der finn vi også Norske Shell E&P og Norway AS i Sandnes, og Total E&P Norge i Stavanger. Dei einaste selskapa på topplista utanfor Rogaland er Statoils raffineri på Mongstad og Statoils Bergenskntor.

Målt i tal tilsette toppar Statoils Troll Vest-felt lista med 5 401 tilsette i 2014. Statoil-kontora i Stavanger og Sandnes er også på topp ti-lista. To selskap under Aker Solution-paraplyen er også der, saman med andre store selskap som Aibel AS avd. Haugesund, Conocophillips Norge, Bilfinger Industriars Stavanger-avdeling, Maersk Drilling Norge og Archer AS. Ni av dei ti selskapa i energiklynga i Rogaland med flest tilsette driv innan utvinning og foredling av olje og gass. Det tiande selskapet er Aibels Haugesundsavdeling, som med 1 855 tilsette produserer oljeplattformer og modular.

##### 3.1.2 Meir variert aktivitet i Hordaland

Statoil-selskap dominerer topplista også i Hordaland, men samstundes er biletet noko meir variert enn i Rogaland. Kværner Stord ligg på tredjeplass i fylket med sin produksjon av oljeplattformer og modular, og utstyrproduzenten FRAMO AS på Askøy er på femteplass. Ei rekkje selskap innan subsea er også blant dei med størst omsetnad i Hordaland, og kraftselskapet Fjordkraft AS ligg på niandeplass.

Hordaland	Energiklynga	Utvinning og foredling av olje og gass	Produksjon og distribusjon av elektrisk energi	Tenesteleverandører inkl. supplybåtar	Utstysprodu-sentar inkl. bo-reriggjar og plattformer
<b>Omsetnad</b>	220 823 453	125 248 460	14 323 020	20 697 556	60 554 417
<b>Driftsresultat</b>	13 471 984	7 120 596	2 285 468	1 712 545	2 353 375
<b>Årsresultat</b>	18 771 007	1 991 030	1 820 121	340 304	14 619 552
<b>Lønnskostnad</b>	35 217 697	14 228 557	1 759 964	5 990 260	13 238 916
<b>Verdiskaping</b>	48 689 692	21 349 153	4 045 438	7 702 810	15 592 291
<b>Tal tilsette</b>	42 287	12 109	4 063	7 470	18 645
<b>Tal føretak</b>	2 150	147	385	366	1 252

Tabell 4: Nøkkeltal for energiklynga i Hordaland i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no  
Alle økonomiske tal i 1 000 kroner.

Målt i tal tilsette er det mange av dei same selskapa og undergruppene som ligg i toppen, og vi finn mellom anna selskap som Beerenbergs Bergensavdeling med 1 625 tilsette innan oljeservice og Rolls Royce-selskapet Bergen Engines med 946 tilsette innan produksjon av motorar og generatorar. På åttandeplass ligg DOF Sjø AS, som driv innan sjøtransport/supply.<sup>9</sup>

### 3.1.3 Sogn og Fjordane store på elektrisk energi og verftsverksemd

Sogn og Fjordane	Energiklynga	Utvinning og foredling av olje og gass	Produksjon og distribusjon av elektrisk energi	Tenesteleverandører inkl. supplybåtar	Utstysprodu-sentar inkl. bo-reriggjar og plattformer
<b>Omsetnad</b>	18 582 077	2 058 476	7 981 754	2 307 509	6 234 338
<b>Driftsresultat</b>	3 249 581	369 400	2 419 534	190 538	270 109
<b>Årsresultat</b>	2 297 614	104 227	1 775 397	147 113	270 877
<b>Lønnskostnad</b>	2 877 970	170 215	557 340	591 621	1 558 794
<b>Verdiskaping</b>	6 127 552	539 615	2 976 876	782 158	1 828 903
<b>Tal tilsette</b>	6 570	215	1 510	1 347	3 498
<b>Tal føretak</b>	701	16	264	97	324

Tabell 5: Nøkkeltal for energiklynga i Sogn og Fjordane i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no  
Alle økonomiske tal i 1 000 kroner.

Sogn og Fjordane har i langt mindre grad aktivitet innan utvinning og foredling av olje og gass enn dei to vestlandsfylka sør for dei. Det er i staden produksjon av elektrisk energi, samt en del teneste- og utstysleverandører som dominerer klynga i fylket. Samstundes er Statoils kontor i Florø og GDF Suez E&P Norge (nå Engie E&P

<sup>9</sup> DOF Sjø AS har nesten ingen omsetnad, men høgt tal tilsette. Dette er eit fenomen som går igjen i ein del konsern, spesielt reiarlaga, kor dei tilsette er lagt til andre selskap enn dei som står for hovudtyngda av økonomisk aktivitet. I tilfelle DOF er det ein rekke andre selskap, slik som DOF ASA, -Rederi, -Deepwater, og -Subsea ROV, som har omsetnad på fleire hundre millionar kroner, men nesten ingen tilsette.

Norge) høvesvis nummer to og fem på lista over selskapa med høgast omsetnad i energiklynga i Sogn og Fjordane.

På toppen av omsetnadslista i fylket i 2014 ligg Havyard Ship Technology si avdeling i Leirvik, med ein omsetnad på nesten 1,6 milliardar kroner. Elles er det mange selskap innan produksjon av elektrisk energi på topplista, mellom anna Statkraft Energi avd. Midt-Norge, SFE Produksjon, E\_CO Energi avd. Aurland og Hydro Energi avd. Årdal kraftverk. Saga Fjordbase i Flora ligg på tiandeplass med si verksemd innan basetenester.

Målt i tal tilsette er det utstyrsprodusentane som dominerer klynga i Sogn og Fjordane. Topplista er dominert av dei store verfta, med Florø Mekaniske Verksted på topp, etterfølgd av to Havyard-selskap i Hyllestad, Havyard Production & Service og Havyard Ship Technology. Blant selskapa med meir enn 100 tilsette i klynga i Sogn og Fjordane, finn vi også bemanningsselskapet Provide Maritime i Flora og SAR AS avd. Florø, som driv med avfallshandtering.

### 3.1.4 Stor aktivitet innan teneste- og utstyrsproduksjon i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal	Energi	Utvinning og foredling av olje og gass	Produksjon og distribusjon av elektrisk energi	Tenesteleverandørar inkl. supplybåtar	Utstyrsprodusentar inkl. bo-rigger og plattformer
<b>Omsetnad</b>	94 250 474	21 399 749	11 538 427	20 635 291	40 677 007
<b>Driftsresultat</b>	12 024 639	5 628 174	1 105 529	3 914 073	1 376 863
<b>Årsresultat</b>	6 490 014	1 552 419	473 449	3 870 752	593 394
<b>Lønnskostnad</b>	15 983 799	2 491 142	863 743	6 113 090	6 515 824
<b>Verdiskaping</b>	28 008 442	8 119 316	1 969 276	10 027 161	7 892 689
<b>Tal tilsette</b>	20 053	1 684	2 530	5 425	10 414
<b>Tal føretak</b>	1 358	49	284	197	828

Tabell 6: Nøkkeltal for energiklynga i Møre og Romsdal i 2014

Kjelde: Ideas2Evidence via statistikk.ivist.no  
Alle økonomiske tal i 1 000 kroner.

I Møre og Romsdal er det nokre selskap knytt direkte til utvinning og foredling av olje og gass, men hovudtyngda av aktiviteten i energiklynga i fylket er knytt til teneste- og utstyrsproduksjon. Likevel, tre av dei fire selskapa i energiklynga i fylket som hadde høgast omsetnad i 2014 var selskap under Norske Shell som driv innan utvinning av naturgass.

Dei resterande sju selskapa på topp ti-lista er teneste- og/eller utstyrsprodusentar. National Oilwell Varco Norway si Molde-avdeling driv med produksjon av løfte- og handteringsutstyr og ligg på tredjeplass med ein omsetnad på nær fire milliardar i 2014. Elles er det som venta fleire store verft på Sunnmøre og sør i Romsdal som bidreg med stor omsetnad inn i klynga, og også ein del reiarlag har ein omsetnad over ein milliard. Det same gjeld fleire spesialiserte utstyrsprodusentar under Rolls Royce Marine på Sunnmøre.

Målt i tal tilsette er det Island Offshore Management i Ulsteinvik som er det største selskapet i energiklynga i Møre og Romsdal i 2014, med 777 tilsette. Dei driv med forsyning og sjøtransporttenester for offshore-bransjen. Det same gjer dei to neste selskapa på lista, Olympic Crewing og Rem Offshore, begge tilhøyrande i Herøy, og det er fleire i same bransje på topp ti-lista. Elles finn vi igjen fleire av selskapa som låg i toppen når vi såg på

omsetnad også når det gjeld tal tilsette.<sup>10</sup> Fleire av Rolls Royce Marine-selskapa med milliardomsetnad er også blant topp ti målt i tal tilsette. Det same gjeld National Oilwell Varco Norway si Molde-avdeling, og Ulstein og Kleven Verft.

### 3.1.5 Spesialiserte regionar (klynger) på Vestlandet

Figur 2 på neste side viser kva undergruppe i energiklynga som er størst i kvar kommune på Vestlandet, målt etter tal tilsette og omsetnad. Dei to karta er stort sett like, som vil seie at det er same undergruppe som er størst etter begge måla. Det er berre i 19 av dei 120 kommunane med aktivitet i klynga i 2014 kor det er skilnad i kva som er størst, avhengig av om vi målar det i tal tilsette eller omsetnad. Ein stor del av desse ligg i Møre og Romsdal eller Sogn og Fjordane, og i dei fleste er aktiviteten relativt liten, slik at det er snakk om små tal og skilnader.

Figur 2 illustrerer ein av grunntankane i klyngetenking: at relativt like og komplimenterende selskap ligg i geografisk nærleik til kvarandre.<sup>11</sup> Sjølv ei relativ enkelt gruppering slik som er gjort i figur 2 illustrerer dette poenget. Det viser til dømes at det går eit band med kommunar frå Gjemnes på Nordmøre langs kysten ned til og med dei nordlegaste kommunane i Sogn og Fjordane kor utstyrsprodusentane er dei største aktørane i energiklynga. I desse kommunane finn vi store selskap som National Oilwell Varco, Vard-gruppa, Rolls Royce Marine, Kongsberg, ABB, og ei lang rekkje tradisjonsrike verft. Liknande regionar med konsentrasjon av utstyrsprodusentar finn vi også sør i Sogn og Fjordane, langs kysten i Hordaland, i Sunnhordland og på Haugalandet, samt delar av Ryfylke, Jæren og Dalane i Rogaland.

På same vis er det elektrisk energi som dominerer i dei fleste kommunane som ligg lengst aust på Vestlandet, i område som er topografisk fordelaktige for kraftproduksjon.

Tenesteleverandørane har ikkje like tydeleg regional dominans når vi målar det på denne måten, og denne undergruppa er størst i ein del kommunar som grensar opp mot område med ein konsentrasjon av utstyrsprodusentane. Eit område som skil seg ut er likevel sør for Bergen, kor Sund og Austevoll er to nabokommunar kor tenesteleverandørane er størst. Her ligg fleire store selskap med mange tilsette under store reiar konsern som DOF og Møgster, i tillegg til ein del tekniske konsulent selskap.

Produksjon og foredling av olje og gass er som nemnt den desidert største undergruppa i energiklynga, målt i omsetnad. Den har også flest tilsette, men her er ikkje dominansen like klar. Likevel, figur 2 viser at aktiviteten i denne undergruppa er svært konsentrert. Målt i tal tilsette er det faktisk berre 8 kommunar kor olje og gass-gruppa har flest tilsette. Målt i omsetnad er tilsvarande litt høgare, 10 kommunar. Til gjengjeld er olje og gass svært store i dei kommunane dei er den største undergruppa. Desse er hovudsakleg konsentrert i fire områder: Stavangerområdet, Bergensområdet, samt Kristiansund<sup>12</sup> på Nordmøre og Tysvær<sup>13</sup> på Haugalandet. Målt etter omsetnad kjem også Flora i Sogn og Fjordane og Aukra i Romsdal med.

Dei ti kommunane kor olje og gass er den største undergruppa i energiklynga målt i omsetnad, har ein samla omsetnad innan olje og gass på 1 002 milliardar kroner. Dette er 99 % av den totale omsetnaden i denne undergruppa. Det er olje og gass-aktivitet i fleire andre kommunar, men i det store biletet er dette altså ei svært konsentrert undergruppe.


---

<sup>10</sup> Som forklart i fotnote 9 er det mange reiarlag som legg dei tilsette i eit selskap og den økonomiske aktiviteten i eitt eller fleire andre innanfor same konsern.

<sup>11</sup> Frå følgjenotatet til nøkkeltala frå Ideas2Evidence (vedlegg 1): «*Teorien om næringsklynger stammer fra den amerikanske professoren Michael Porter ved Harvard Business School. Porter definerer en næringsklynge på følgende måte: "A cluster is a geographically proximate group of interconnected companies and associated institutions in a particular field, linked by commonalities and complementarities"*»

<sup>12</sup> Mange store olje og gass-selskap har kontor og aktivitet i Kristiansund.

<sup>13</sup> Hovudsakleg grunna Statoils prosessanlegg på Kårstø.



Figur 4: Den største undergruppa i energiklynga i kvar kommune på Vestlandet, målt etter tal tilsette og omsetnad, 2014

Med andre ord kan det sjå ut som om olje og gass-aktiviteten er konsentrert i nokre få kommunar, men at den, saman med produksjon og distribusjon av elektrisk energi, bidreg med ein stor aktivitet i leverandørindustrien som er spreidd utover eit langt større geografisk område. I sum er energiklynga derfor ei klynge med stor betydning for heile Vestlandet.

I så godt som alle kommunane kor det er forskjellige undergrupper som er størst, alt etter korleis vi målar det, er det éin ting som går igjen: omsetnaden er høgast i anten olje og gass-gruppa eller innan elektrisk energi, medan det er flest tilsette innan teneste- eller utstyrsprodusentane. Dette viser at skilnaden nok i stor grad skuldast eit tilbakevendande tema i denne rapporten: dei to «kjerneverksemdene» i energiklynga, utvinning og foredling av olje og gass og produksjon og distribusjon av elektrisk energi er relativt lite arbeidskraftsintensive målt mot storleiken på den økonomiske aktiviteten. Dei to «subsidiære» aktivitetane som i hovudsak leverer tenester eller utstyr inn til desse to har derimot langt større behov for arbeidskraft, målt mot omsetnaden. Dermed vil det i ein del kommunar bli slik at omsetnaden er størst innan dei to første, samstundes som det er dei to siste som har størst behov for arbeidskraft.

